



ABO PLAN & ARKITEKTUR AS  
Postboks 291  
5203 OS

Dato: 30.09.2016  
Vår ref.: 2014/22289-15  
Saksbehandlar: pernord1  
Dykkar ref.:

## Fråsegn til Varsel om utviding av planområdet for reguleringsplan for bru over Masfjorden - Masfjorden kommune

Vi viser til brev datert 01.09.2016 om varsle om utviding av planområde for reguleringsplan for bru over Masfjorden. Med bakgrunn i utarbeidning av forprosjekt for ulike typar bruer er det naudsynt å utvide planområdet for å ta høgde for alle brutypar. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der bru over Masfjorden er eit hovudtema i planperioden 2012 – 2024. Kommunen har vurdert at planen utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune har vurdert planprogrammet og oppstartsmeldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar i fråsegn av 01.12.2014. I mars 2015 sendte kommunen ei orientering om utviding av planområde for reguleringsplan for bru over Masfjorden. Ved ein inkurie vart det aldri sendt fråsegn frå fylkeskommunen til denne orienteringa.

01.09.2016 vart det sendt ut eit nytt varsle om utvida planområde for den aktuelle reguleringsplanen, med frist for uttale den 30. september. I Samtale med konsulent for planarbeidet (ABO) vart ein samd om at fylkeskommunen ville få noko utsett frist i saka.

### Vurdering og innspel

#### Relevante planfaglege innspel

I hovudsak viser vi til vårt fråsegn av 01.12.2014, der vi meiner at planprogrammet beskriv planprosessen med utgreiingsbehov og utgreiingstema på ein oversiktleg måte. Sentrale tema er tatt med, men vi har presiseringar på følgjande tema; akvakultur, landskap, arkitektur og estetikk, barn og unges interesser, friluftsliv, kulturminne, næringsutvikling og samferdsle.

Oppsummeringa lød (jf. fråsegn 01.12.2014):

*«Hordaland fylkeskommune peikar på at bruva som del av fylkesvegnettet truleg krev ekstern medfinansiering. Vi ber om at Skyss vert involvert i planarbeidet med tanke på tilrettelegging for kollektivtilbod. Vi rår til at næringslivet i regionen vert tatt aktivt med i medverknadsprosessen. Det er viktige kulturmiljø i innanfor planområdet, dette må vektleggjast og utgreiast og undersøkjast tilstrekkeleg. Tiltaket har vesentlege verknader på landskapet og dette må få stor vekt, og illustrerast godt i planprosessen».*

I samband med utviding av planområdet har vi i tillegg følgjande innspel til planarbeidet på samferdsle og kulturminne.

#### Samferdsel

Ut frå både eit folkehelse- og trafikktryggleiksomsyn er det viktig at kommunen satsar på utbygging av

gang- og sykkelvegar. Generelt bør det leggast opp til at i dei sentrale delane av kommunen skal alle korte reiser kunne utførast med sykkel (3 km), og at målpunkt for barn og unge skal kunne nåast med sykkel. Samferdselsavdelinga ser positivt på utvidinga av reguleringsplanen som det no vert varsla om.

Me gjer elles merksam på at bru over Masfjorden ikkje er ein del av det overordna fylkesvegnettet og at tiltaket ikkje er prioritert i gjeldande Regional Transportplan 2013-2024 eller RTP Handlingsprogram 2015-2017.

I fylkestinget 9.12.2014 blei det gjort vedtak om å vurdere eit brukkonsept for Masfjorden under føresetnad av at fylkeskommunal eigenandel ikkje overskridar ferjeavløysing og momskompensasjon i forbindelse med prosjektet.

Samferdselsavdelinga visar elles til tidlegare merknader i saka.

**Kultur og kulturminne:**

Det krevjast koordinering med Bergen sjøfartsmuseum i denne saka, og fylkeskonservatoren vil sende fråsegn til plankonsulent og Masfjorden kommune så snart denne føreligg.

**Meir informasjon**

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre [www.hordaland.no/plan/startpakke](http://www.hordaland.no/plan/startpakke).

**Oppsummering**

Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på innspel til tema samferdsle og kulturminner, i tillegg til fråsegn av 01.12.2014 der mellom anna landskap vert trekt frem som eit viktig tema.

Eva Katrine R. Taule  
kst. plansjef

Snorre Waage  
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Saksbehandlar:

Snorre Waage, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Kopi til:

MASFJORDEN KOMMUNE